



Røyserett klar for tredje økt i programmet

**Røyserett for alle hadde si andre gjennomføring av den innøvde julekonserten i Ølve kyrkje torsdag kveld. Røyserett gjennomførte konserten på ein særdeles god måte og med svært gode medverkande musikarar, vart dette ei flott og minnerik konsertoppleving.**



Frode Kaldestad på klaver

Før konserten tok til var det god drøs i kyrkjebenkene, men det stilna snart då Frode Kaldestad starta konserten ved å spele 'Mitt hjerte alltid vanker' på klaver, mens Røyserett i kjent stil kom marsjerande inn og stilte seg opp.



Brit Hjetland presenterte konsertens aktørar og program



Saxofon Fridar Malmsten Steinkopf

I dei fem første nummera av konserten fekk vi høyra tradisjonelle julesongar, gjennomførte acapella, med god dynamikk og presisjon. På songen 'I den kalde vinter' fekk koret tonefylgje av Frode Kaldestad på klaver og 16 åringen Fridar Malmsten Steinkopf på saxofon. Kor, klaver og saxofon utfylte kvarandre på ein god måte.



Einar Steinkopf på klassisk gitar

Familien Malmsten stod for andre økt i programmet med god gjennomføring både saman og som solist. Ynskjer å trekka fram klassisk gitarspelet til Einar Steinkopf, då særskilt gjennomføringa av 'Cavatina'.



[Familien Mamlsten/Steinkopf framfører Black Orpheus](#)

I tredje økta fekk vi høyra ein del mindre kjente songar iblanda nokre tradisjonelle julesongar. I denne økta fekk koret det til å svinga godt, særskilt på songen 'Tre kongar frå Bolivia'. På denne spelte Haldor Tveit accordeon.



Haldor Tveit, accordeon på sangen Sov no Maja mor

Røyserett for alle saman med medverkande musikarar gjennomførte ein svært god konsert. Nivået er god gjennom hele konserten, iblanda nokre svært gode instrumental prestasjonar.

Det var godt frammøte i Ølve kyrkja denne førjulskvelden. Etter konserten var det mange av publikummarane som ytra ynskje om at Røyserett snarleg måtte komma attende med ny konsert.

Tekst/Foto/Nett: Hans Ordin Østebø